



Fyresdal kommune

Arkiv: G21
 Saksmappe: 2014/437-2
 Saksbeh.: Berit Ramsvatn-Kemp
 Dato: 21.03.2014

Saksframlegg

Reservasjonsordning for fastlegar - høyring

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	40/14	24.04.2014

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Høyringsnotat frå Helse-og omsorgsdepartementet (lenke). Reservasjonsrett for fastleger.

Datert 21.01.2014

Bakgrunn for saka:

21.01.2014 sendte Helse-og omsorgsdepartementet ut eit høyringsforslag i forhold til endringar i helse-og omsorgsloven, pasient –og brukerrettighetsloven og endringar i fastlegeforskriften. Desse endringane gjeld fastlegar sin rett til å reservere seg mot å henvise kvinner til abort. Departementet føreslår å opne for at kommunar kan inngå avtale om reservasjon med fastlegar som av samvitsgrunnar ikkje ynskjer å utføre denne arbeidsoppgåva.

Høyringsnotatet legg opp til endringar som gjev fastlegar moglegheit, ikkje rett, til å reservere seg mot hendvisning til abort. Det vert ikkje lagt opp til at reservasjonsretten skal omfatte forskrivning av prevensjon eller henvisning til assistert befruktning.

Fastlegar som er gjevne tilgang til reservasjon må inngå avtale med ein annan fastlege i nærleiken slik at pasienten innan neste virkedag skal kunne få tilbod om konsultasjon. Før kommunen gjer avtale om reservasjon, må fastlegen dokumentere at han/ho har gjort skriftleg avtale med ein kollega som forpliktar seg til å ta i mot og henvise dei aktuelle kvinnene.

Pasientar sin rett til å skifte fastlege ut over det lovbestemte 2 gonger i året, vert utvida. Fastlege med avtale om reservasjonsrett har plikt til og informere dei andre listepasientane sine om at det er gjort avtale om reservasjonsrett og kommunen har plikt til og informere om kva tilbod den enkelte fastlege kan gje.

Høyringsnotatet legg opp til at det vert opp til den enkelte kommune å bestemme om den ynskjer å inngå avtale om reservasjonsrett med den enkelte lege. Bakgrunnen for dette er kommunen sitt lovpålagde ansvar for fastlegeordninga. Det vil difor bli den enkelte kommune som med utgangspunkt i dei lokale forhold som er, skal vurdere om det er god nok tilgang til fastlegar til at ein eller fleire av desse kan reservere seg mot å henvise til abort utan at dette vil innebere ei urimeleg ulempe for dei pasientar som vil bli berørte.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2014 - 2017:....vi skal ha eit kvalitetssikra tenestetilbod.

Saka om reservasjonsrett er utfordrande og skaper mykje engasjement. I og med at det er opp til den enkelte kommune å vurdere og gjere vedtak om tilsette fastlegar skal kunne få reservasjonsrett, er det viktig at kvar enkelt kommune gjer seg opp ei meining om det er ynskjeleg at slike endringar vert vedteke.

Ved tilsettingar vil det vere viktig å få avklare desse forholda. Det gjeld og for turnuslegar som bare er tilsett 6 månadar av gonga. Ei slik endring vil difor resultere i at alle må bli spurd om dei ynskjer å nytte seg av reservasjonsretten og det kan virke inn på kven kommunen ynskjer å tilsette.

Forslaget om at fastlegar kan reservere seg frå å henvise til abort vil kunne bli tolka slik at det vil svekke kvinna si rett til hjelp i ein sårbar situasjon og hindre likebehandling av helsetenester. På den andre sida vert det hevda at Menneskerettane gjev grunnlag for at det er viktig at fastlegar får moglegheit til å reservere seg i forhold til oppgåver som strir mot deira overtyding og at dette er eit viktig prinsipp i den tanke, samvit og religionsfridom som tilsette, også legar, bør ha. Det vert i notatet vurdert slik at det ikkje er tilstrekkeleg rettighet for legar å kunne skifte arbeid.

Formålet med fastlegeordninga er å sikre at alle får nødvendige allmennlegetenester av god kvalitet til rett tid og at personar busett i kommunane får ein fast allmennlege dei kan vende seg til. Det inneber at sjukdom, geografi, kjønn, rase eller livssyn ikkje skal vere avgjerande i møtet mellom pasienten og legen. Dette er eit viktig grunnleggande prinsipp.

Legar som utfører sjølve abortinngrepet har i dag rett til å reservere seg. Det er ein forståeleg reservasjonsrett. Fastlegen derimot, skal ikkje ta del i sjølve handlinga. Han/ho skal vere kjent med at ei av kvinnene på pasientlista har bestemt seg for eit abortinngrep, gje informasjon og vise henne vidare.

To viktige prinsipp er sett opp mot kvarandre; legar sin rett etter tolking av Menneskerettane og pasientar sin rett til medisinsk behandling utan unødig hindring eller belastning. Dette er grunnleggande prinsipp det ikkje bør gjerast unntak frå.

Ein konsekvens av ei slik ordning vil og vere at kvar enkelt kommune skal ta avgjerd om fastlegar sin reservasjonsrett. Ein konsekvens av dette kan vere ulikt helsetilbod frå kommune til kommune. Kommunen må ta ideologiske og praktiske omsyn i kvar enkelt sak.

Korleis skal Fyresdal kommune t.d. avvege ulike krav om "samvitskonflikt" om det er fleire legar som ynskjer å reservere seg? Skal kommunen gje reservasjonsmoglegheit etter "fyrst til mølla" prinsipp, eller skal kommunen gå inn og vurdere den enkelte lege sitt grunnlag for å søke reservasjon?

Det er i praksis slik at fastlegane vikarierar for kvarandre, eller det vert leigd inn ein vikar, ved sjukdom, ferie osv. Pasienten kan då måtte opplyse helsepersonell om grunnen til legebesøket for å vere sikre på at dei unngår å få time med lege som reserverar seg.

I små kommunar som Fyresdal, kan det verte svært vanskeleg å gjennomføre utan at det belastar pasientane unødig eller fører til administrative utfordringar.

Forslaget kan gjere rekruttering av legar meir komplisert i ein liten kommune. Det kan og skape meir byråkrati for kommunen.

Fastlegane som er tilsett i Fyresdal kommune i dag, meiner at det ikkje bør vere mogeleg for fastlegar å reservere seg mot hendvisning til abort.

Konklusjon:

Forslaget om at kommunane kan gje fastlegar reservasjonsrett legg til grunn at den konkrete reservasjonsordninga ikkje inneber urimeleg ulempe for dei aktuelle kvinnene og at helsetenester skal verte tilbydd på ein slik måte at dei ikkje er diskriminerande for kvinner.

Det er ein avgjerande forskjell på å bli pålagd å utføre eller bistå ved eit inngrep ein har tungtvegande etiske motførestellingar i forhold til, og det å henvise ein pasient ein har ansvaret for til ei behandling vedkommande sjølv har bestemt seg til å få utført. Fastlegen har ikkje mynde i forholdet til val av abort, og så lenge fastlegen ikkje har ein aktiv rolle i sjølv inngrepet, er det vanskeleg å sjå at dette er ei innskrenking i samvits -og religionsfridom og dermed i strid med menneskerettane. Det kan derimot vere fare for at ein slik reservasjonsrett kan kome i konflikt med prinsippet om at alle skal ha tilgang til helsetenester utan diskriminering på grunn av kjønn, seksuell orientering osv. Å innføre reservasjonsrett for fastlegar som ikkje har ein aktiv rolle i samband med sjølv behandlinga, er vanskeleg å sjå føre seg at kan gjerast utan at ei slik ordning ikkje vil vere til ulempe for kvinnene.

Forslaget kan innebære at det vert skapt forskjellar som stigmatiserer kvinner som vurderer eller ynskjer henvisning til abort i forhold til pasientar som søker fastlege av andre årsakar. Ei ordning med reservasjon for fastlegar sikrar ikkje at ei kvinne slepp å møte legar som er negative til abort; Ho kan fortsatt risikere å møte ein lege som ynskjer å reservere seg, men ikkje får tilgang til det av praktiske grunnar eller av di kommunen har lagt ned veto mot ordninga. Abortlova har alt vekt omsyna til pasientar, helsepersonell og samfunn, og dei moralske og etiske sidene ved spørsmålet. Loven vart utforma slik den er i dag utan denne reservasjonsretten.

Kvinna sin rett til sjølvbestemt abort er lovfesta. Å sette grenser for denne retten kan vere å gjere ein vanskeleg situasjon enno verre.

Utover dette er det betenkeleg at ein eventuell reservasjonsrett i tillegg kan resultere i auka byråkrati og ressursbruk i kommunen, noko som er vanskeleg å forsvare sett i forhold til konsekvensar som er nemnt ovanfor.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune meiner at den reservasjonsretten som i dag er heimla i abortlova sin § 14 og forskrifta sin § 15, tek i vare helsepersonale i situasjonar der dei kan påberope seg alvorlege samvitskonfliktar.

Fyresdal kommune støttar ikkje forslaget til endringar i helse-og omsorgstjenesteloven §3-2 tredje ledd, pasient- og brukerrettighetsloven §2-1-c, fjerde ledd, endringar i fastlegeforskriften og i forskrift om pasient- og brukerrettigheter i fastlegeordningen som gjev utvida rett til reservasjon mot "henvisning og behandling ved alvorlige samvittighetskonflikter knyttet til liv og død."

I tilfelle forslaget skulle bli vedteke, vil Fyresdal kommune ikkje tillate fastlegekontraktar som opnar for at fastlegar kan reservere seg mot å henvise til abort.

Handsaming i Kommunestyret - 24.04.2014

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 24.04.2014

Fyresdal kommune meiner at den reservasjonsretten som i dag er heimla i abortlova sin § 14 og forskrifta sin § 15, tek i vare helsepersonale i situasjonar der dei kan påberope seg alvorlege samvitskonfliktar.

Fyresdal kommune støttar ikkje forslaget til endringar i helse- og omsorgstjenesteloven §3-2 tredje ledd, pasient- og brukerrettighetsloven §2-1-c, fjerde ledd, endringar i fastlegeforskriften og i forskrift om pasient- og brukerrettigheter i fastlegeordningen som gjev utvida rett til reservasjon mot "henvisning og behandling ved alvorlige samvittighetskonflikter knyttet til liv og død."

I tilfelle forslaget skulle bli vedteke, vil Fyresdal kommune ikkje tillate fastlegekontraktar som opnar for at fastlegar kan reservere seg mot å henvise til abort.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Berit Ramsvatn-Kemp
	kommunalsjef helse og omsorg